

Viktige faktorar i opplevingsturismen knytte til kulturlandskapet i Vestlandsfjordane

Lars Sekse¹⁾ Heidi Knutsen²⁾ Torbjørn Haukås²⁾ og Anders Lundgren³⁾

¹⁾ Bioforsk Vest Ullensvang ²⁾ Norsk Institutt for Landbruksøkonomisk Forskning

³⁾ Institutt for Geografi, UiB

lars.sekse@bioforsk.no

ISBN 82-17-00105-7
ISBN 978-82-17-00105-8



Samandrag

Fjordlandskapet på Vestlandet er mellom dei fremste turistreisemåla i verda. Turistnæringa brukar fruktdyrkingslandskapet aktivt i marknadsføringa. Bruk med fruktproduksjon gjennomgår endringar; brukarar legg om til intensive plantingar, mange små bruk går ut av drift og mange av einingane som vert att, vert større i areal. Utviklinga uroar utøvarar i turistnæringa. Det er bakgrunnen for at næringa, med Hotel Ullensvang i spissen, gjennomfører eit forskingsprosjekt der ein ønskjer å få meir kunnskap om endringane som skjer i fruktproduksjonen og om kva desse endringane kan koma til å seie for turistnæringa. I prosjektet vart turistar i 2005-sesongen spurde om deira oppleving av faktorar knytte til kulturlandskapet; frukthagar eller ope landskap, små eller store tre og plastdekkja plantingar. Nederlandske og tyske turistar var meir negative til frukthagar som opplevingselement i kulturlandskapet enn franskmenn og engelskmenn, medan nordmenn var mest positive. Alle grupper av respondentar var i overvekt positive til frukthagar *vs.* ope landskap, med unnatak av engelskmenn, som var delte i to jamnstore grupper i synet på dette. Respondentar frå Nederland, Tyskland og Frankrike var alle i overvekt positive til frukthagar med store *vs.* små tre, medan nordmenn og engelskmenn var delte her. På spørsmål om at mange frukthagar er dekkja med plast bidreg negativt eller positivt til opplevinga av landskapet, var det ei klår og overraskande overvekt av svar i kategorien "verken/eller".


Innleiing

Fjordlandskapet på Vestlandet er mellom dei fremste turistreisemåla i verda, og i 2005 vart dei norske fjordane kåra som beste reisemål (National Geographic Traveler 48/2005). Fruktdyrking står sterkt i mange av Vestlandsfjordane, og denne næringa pregar sterkt kulturlandskapet i mange bygdelag. I nederste delen av dei bratte liene står mange stader intensive, tettplanta fruktplantasjar der dei viktigaste fruktartene er eple, pærer, plommer, søtkirsebær og i tillegg bringebær og jordbær.

Turistnæringa brukar fruktdyrkinga og fruktdyrkingslandskapet massivt i reklame og marknadsføring, og det er ei utbreidd oppfatning at fruktdyrkaren er ein av bærebjelkane i marknadsføringa av opplevingsturismen på Vestlandet.


Ullensvang Herad er største fruktkommunen i Noreg, nær 30 % av fruktproduksjonen i landet er samla her. Samstundes er reiselivet ei viktig næringsgrein i kommunen, og omset for om lag fire gonger så mykje som fruktneringa.

Primærnæringane gjennomgår tydelege strukturendringar. I fruktproduksjonen er mest alle bruk lagde om til intensive plantingar med små tre i tette rekkjer (Ystaas *et al.* 1999). Mange små bruk går ut av drift (Figur 1), og dei einingane som vert att, vert større (Figur 2). Også dei økonomiske tilhøva har endra seg (Haukås 2005). Endringane får store verknader for kulturlandskapet i mange av grendene med intensiv fruktproduksjon. (Helland-Hansen 2004; Torvestad 2006). Såleis ser me at mange fruktdyrkarar spesialiserer seg på færre artar i dyrking, somme legg om drifta til rein husdyrproduksjon, og atter andre legg ned heile eller delar av drifta, med påfølgjande attgroing (Lundberg & Sekse 2005). Ei form for spesialisering er at steinfruktproduksjon som søtkirsebær og også bringebær vert flytta inn under plasttak og plasttunnellar, og dette får konsekvensar for opplevinga av landskapet (Meland 2005).



Kjelde: SSB og SLF

Figur 1. Utviklinga i tal bruk med fruktproduksjon i Hordaland i åra 1959-2004.



Figur 2. Utviklinga i areal med fruktproduksjon per bruk i Hordaland i åra 1959-2004.

Utviklinga uroar utøvarar i turistnæringa, og det er bakgrunnen for at næringa, med Hotel Ullensvang i spissen, gjennomfører eit forskingsprosjekt med økonomisk støtte frå Norges Forskningsråd. Gjennom prosjektet ønskjer ein å få meir kunnskap om endringane som skjer i fruktproduksjonen, og om kva desse endingane kan koma til å seie for turistnæringa. Ein del av prosjektarbeidet omfattar ei spørjeundersøking mellom turistar som vitja Ullensvang sommaren 2005, der kulturlandskapet og faktorar knytte til dette stod i fokus. I denne artikkelen vert det gjort greie for nokre av resultatane frå denne spørjeundersøkinga.

Metodar

Eit spørjeskjema, utarbeidd på seks ulike språk, med ulike spørsmål om kva som vert opplevd som viktige faktorar knytte til kulturlandskapet, vart delt ut til turistar i Ullensvang i juli og august 2005. Vertskap og personale ved i alt 15 ulike turistverksemder (hotell, campingplassar, gjesteheimar, hytteutleige og turistinformasjonskontor) stod for distribusjon og innsamling av skjema. Spørjeskjemaet inneheldt plass for avkryssing av opplysningar om respondenten, slik som heimland, kjønn, alder, type reise og overnattingstype. Så følgde spørsmål illustrerte med bilete og med plass for avkryssing av preferansar, først ein bolk med spørsmål om faktorar knytte til kulturlandskapet, mest ut frå fruktdyrking og tilhøyrande landskapstypar, og til slutt ein bolk med spørsmål om preferansar omkring gardsvitjing, lokal mat og lokal kultur.

Døme på slike spørsmål med tilhøyrande illustrasjonar var:

- Fjordlandskapet på Vestlandet er prega av mange frukthagar. Er desse med på å gje deg ei meir verdifull oppleving av Vestlandet og landskapet her? (Figur 3 a og b)
- Er ope landskap å føretrekkja framføre frukthagar? (Figur 4 a og b)
- Er små frukttrær i tette frukthagar å føretrekkja framføre fruktproduksjon på store tre? (Figur 5 a og b)
- Mange frukthagar (moreller) er dekkja med plast. Bidreg denne typen fruktproduksjon negativt eller positivt til di oppleving av landskapet? (Figur 6 a og b)



Figur 3 a og b. Illustrasjonar til spørsmål om fjordlandskapet på Vestlandet er prega av mange frukthagar. Er desse med på å gje deg ei meir verdifull oppleving av Vestlandet og landskapet her?



Figur 4a og b. Illustrasjon til spørsmålet om ope landskap er å føretrekkja framføre frukthagar?



Fig. 5 a og b. Illustrasjonar til spørsmålet om små frukttrær i tette frukthagar er å føretrekke framføre fruktproduksjon på store trær?



Figur 6 a og b. Illustrasjon til spørsmålet om at mange frukthagar (moreller) er dekkja med plast; Bidreg denne typen fruktproduksjon negativt eller positivt til di oppleving av landskapet?

I alt 760 skjema kom i retur i utfylt stand. Svare er sorterte etter heimlandet til respondentane, og berre dei europeiske landa med flest svar (Noreg, UK, Nederland,

Tyskland og Frankrike) er teke med i presentasjonen her.

Resultat

På spørsmål om frukthagar tilfører eit positivt element svare grupper av respondentar slik det går fram av Tabell 1. Svare var tydeleg ulike etter kva land respondenten kom frå; nederlandske og tyske turistar var meir negative til frukthagar som opplevingselement i kulturlandskapet enn franskmenn og engelskmenn, medan nordmenn var dei mest positive.

På spørsmål om frukthagar var å føretrekka som landskapselement framføre opne landskap, svarte også respondentane ulikt etter heimland; alle var i overvekt positive til frukthagar med unnatak av engelskmenn, som var delte i to jamnstore grupper i synet på dette (Tabell 2).

På spørsmål om store, eldre trær var å føretrekka i frukthagen framføre små trær i intensive plantingar, svarte også respondentane ulikt etter heimland; respondentar frå landa i Mellom-Europa (Nederland, Tyskland, Frankrike) var alle i overvekt positive til frukthagar med store trær, medan nordmenn og engelskmenn var delte også i synet på dette (Tabell 2).

På spørsmål om at mange frukthagar (moreller) er dekkja med plast bidreg negativt eller positivt til opplevinga av landskapet, var det ei klår overvekt av svar i kategorien "verken/eller", med kategorien "negativt" som den med nest størst svarprosent. Materialet gjev her ikkje svært store utslag for skilnader mellom heimlanda til respondentane (Tabell 3).

Tabell 1. Frekvensfordeling i prosent av svar frå grupper av turistar i Ullensvang sommaren 2005 på spørsmål om frukthagar har negativ eller positiv verdi for opplevinga av kulturlandskapet på Vestlandet.

	Tal svar	Ikkje viktig	Lite viktig	Viktig	Ganske viktig	Veldig viktig
Noreg	216	2	5	23	47	24
UK	53	10	10	40	29	12
Nederland	114	77	9	10	4	1
Tyskland	213	60	22	11	5	2
Frankrike	40	8	13	44	23	13

Tabell 2. Frekvensfordeling i prosent av svar frå grupper av turistar i Ullensvang sommaren 2005 på spørsmål om a) ope landskap er å føretrekkja framfor frukthagar og b) store eller små tre i frukthagane er å føretrekkja for å gje den beste opplevinga av frukt-kulturlandskapet på Vestlandet.

	Tal svar	Frukthage eller ope landskap		Store eller små tre i fruktplantingane	
		Frukthage	Ope landskap	Store tre	Små tre
Noreg	216	73	27	43	57
UK	53	47	53	49	51
Nederland	114	82	18	63	37
Tyskland	213	80	20	60	40
Frankrike	40	70	30	71	29
Alle svar	749	71	29	54	46

Tabell 3. Frekvensfordeling i prosent av svar frå grupper av turistar i Ullensvang sommaren 2005 på spørsmål om plastdekte frukthagar har negativ eller positiv verdi for opplevinga av kulturlandskapet på Vestlandet.

	Tal svar	Veldig negativt		Verken eller Positivt		Veldig positivt	
		Negativt	Negativt	eller	Positivt	positivt	positivt
Noreg	216	5	29	57	2	7	
UK	53	19	23	50	8	0	
Nederland	114	6	27	61	4	1	
Tyskland	213	5	26	66	3	0	
Frankrike	40	5	53	30	13	0	
Alle svar	749	6	30	57	4	3	

Diskusjon

Denne spørjeundersøkinga vart gjennomført på ein slik måte at den ikkje kan reknast som fullt representativ for oppfatningar om element i kulturlandskapet mellom turistar som vitja Ullensvang sommaren 2005. Ein kan likevel rekna med at materialet gjev ein viss peikepinn på kva store grupper av turistar frå ulike land meiner om dei omspurte faktorane knytte til kulturlandskapet.

Nordmenn svara at dei jamnt over var positive til frukthagar som element i landskapet. Den same tendensen var klar også for engelskmenn og franskmenn (Tabell 1). Nordmenn knyter truleg fruktdyrkinga sterkt til Ullensvang og Hardanger, og det er rimeleg å tru at mange forbind positive opplevingar med dette. Frå gamalt av har Hardanger vore eit prioritert reisemål for nordmenn; kanskje har fruktdyrkinga gjort sitt til dette. I England har landskapet i Kent sydaust for London mykje godt same status som Hardanger har det i Noreg, og vert kalla "Englands hage" ("the garden of England"). Kent er også kjent for å vera eit velkjent reisemål for engelskmenn - truleg også, i alle fall delvis, på grunn av fruktdyrkinga. I Frankrike er fruktproduksjonen mykje meir spreidd over heile landet.

Nederlandarar og tyskarar var klårt negative til frukthagar som opplevingselement i kulturlandskapet (Tabell 1). Dreg ein

parallellar til diskusjonen ovanfor, har korkje Tyskland eller Nederland noko utprega distrikt som er kjenneteikna av frukthagar på same måten som Noreg og England har det. Kanskje er dette noko av forklaringa. Ei anna, nærliggjande forklaring er at turistar frå desse landa kjem meir for å oppleva naturlandskapet enn kulturlandskapet.

Respondentane frå alle landa, med unnatak av engelskmenn, sa at dei føretrekte frukthagar i landskapet framføre ope kulturlandskap. Engelskmennene var delte med to om lag like store grupper i dette spørsmålet (Tabell 2). Sett i ljøs av diskusjonen ovanfor om frukthagar *per se* sin plass som opplevingselement, kan desse svara verka delvis som motsetningar. For nordmenn, engelskmenn og franskmenn er svara rimelege, medan det kan verka som om tyskarar og nederlandarar meiner at skal ein først ha inngrep i naturen i form av kulturlandskap, er frukthagar å føretrekkja framføre eit ope kulturlandskap.

Tradisjonelt har mykje av fruktproduksjonen i Europa gått føre seg på store tre med store, vide kroner. På 70- og 80-talet vart mykje av den europeiske fruktproduksjonen, den norske medrekna, lagt om til tette, intensive plantingar med låge tre som kunne stellast og haustast frå marka mest utan hjelp av stigar (Ystaas 1997). I England pågjekk det diskusjonar på 70- og 80-talet nettopp om

Kent ville missa statusen sin som turistreisemål som følge av omlegginga til moderne fruktproduksjon. Dette var bakgrunnen for å inkludera spørsmål om dette i denne spørjeundersøkinga.

Ingen svar-grupper av turistar sorterte etter land hadde sterke preferansar i dette spørsmålet; nordmenn svara litt i favør av intensive plantingar, mellom engelskmennene var gruppene om lag like store, medan respondentane frå dei andre landa, mest franskmenn, var mest positive til store tre (Tabell 2). Det er vel kjent at i land som Tyskland og Sveits vert det gjeve tilskot til fruktdyrkarar som tek vare på og dyrkar frukt på store "gamaldage" tre.

I søtkirsebær dyrkinga vert moderne plantingar i dag dekkja med plastdekke for å sikra god fruktkvalitet og for å unngå sprekkedanning i fruktene på grunn av regn. Me står truleg også framføre dyrking av søtkirsebær i plast-tunnellar (Meland 2005). Også andre bærslag, som bringebær og jordbær, vert i dag dyrka i slike tunnellar, så langt i mindre målestokk. Dette pregar landskapet i viktigaste turistsesongen.

Med unnatak av franskmenn svara majoriteten av respondentane frå alle landa at plastdekka frukt-teigar korkje var negativt eller positivt for deira oppleving av landskapet i Ullensvang (Tabell 3). Dette var overraskande; ein kunne lett tenkja seg at slike "framandelement" i landskapet vart oppfatta som svært og massivt negativt. Rett nok svara alle respondent-gruppene "negativt" som kategori nummer to rekna etter svarprosenten (omkring 25 prosent), og mellom franskmennene var dette største gruppa.

Referansar

Haukås, T. 2005. Den økonomiske utviklinga i landbruket på Vestlandet. Grønn Kunnskap 9 (4), 9-15.

Lundberg, A. & Sekse, L. 2005. Kulturlandskapet i fruktdyrkingsområda på Vestlandet. Grønn Kunnskap 9 (4), 32-39.

Meland, M. 2005. Alternative dekkssystem i søtkirsebær dyrkinga. Grønn Kunnskap 9 (4), 69-75.

Helland-Hansen, W. 2004. Naturhistorisk Vegbok Hordaland. Bergen Museum/Nord4, Bergen. 568s.

Torvestad, K. 2006. Kulturlandskapet langs Sørfjorden fra 1960 til i dag - stabilitet og endringer. Master-thesis.

Ystaas, J. 1997. Frå store tre i aldehyagar til slank spindel i intensive plantingar. I: Hauso, K. B. & Alvsåker, T. T. (red.). Det store hamskiftet. Ullensvang Hagebrukslag 100 år 1897-1997 s. 48-60. Ullensvang Hagebrukslag, Grimo.

Ystaas, J., Meland, M. & Kvåle, A. 1999. Plantesystem til frukttre. I: Sekse, L. (red.). Frå forsøksgard til forskingssenter. Planteforsk Ullensvang forskingssenter 50 år 1949-1999. Grønn Forskning 14/99, 110-115.